

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slik forslag:

«1. Som i innstillinga

2. Som i innstillinga

3. Søkarar frå Askvoll kommune, postnummer 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får nærskulepoeng til Mo og Øyrane vgs, Hafstad vgs og Flora vgs.

4. Som i innstillinga

5. Søkarar frå Høyanger kommune, postnummer 6946 og 6947 Lavik får nærskulepoeng til Dale vgs.

6. Hovudutvalet ser ei utfordring med at fleire utanfor nærskuleområdet til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs får nærskulepoeng til desse skulane. Det kan medverke til at elevar i nærskuleområdet til dei to skulane ikkje får plass og må reise langt, eller flytte på hybel. Utvalet vil vurdere verknadene etter årets inntak og vil eventuelt foreslå justeringar for skuleåret 2022/23.

7. Hovudutvalet ber om at det vert vurdert særlege reglar for dei områda der ungdommane uansett må flytte på hybel for å gå på vidaregåande skule. Vurderinga skal vere gjort innan utgangen av 2021. og vert sett i samanheng med sak om reisetidsgaranti.»

**John Andre Kongsvik, H**, sette på vegner av H og FrP fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3

Søkarar frå Askvoll kommune, postnummer 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får nærskulepoeng til alle skulane i Vestland fylkeskommune.»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1, punkt 2 og punkt 4, vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, fekk inga røyster og fall.

Kongsvik sitt alternative forslag til nytt punkt 3, fekk 4 røyster ( H og FrP) og fall.

Berthelsen sitt forslag til nytt punkt 3, vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag til nytt punkt 5, vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag til nytt punkt 6 og 7 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Søkarar frå Gloppen kommune, postnummer 6829 og 6831 Hyen får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs

2. Søkarar frå Bremanger kommune, postnummer 6721 og 6723 får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs

3. Søkarar frå Askvoll kommune, postnummer 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får nærskulepoeng til Mo og Øyrane vgs, Hafstad vgs og Flora vgs.

4. Tilleggs-poeng gitt av ein skule ved søking til utdanningsprogrammet idrettsfag, gir ikkje nærskulepoeng til søkarar til andre nærskuleområde.

5. Søkarar frå Høyanger kommune, postnummer 6946 og 6947 Lavik får nærskulepoeng til Dale vgs.

6. Hovudutvalet ser ei utfordring med at fleire utanfor nærskuleområdet til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs får nærskulepoeng til desse skulane. Det kan medverke til at elevar i nærskuleområdet til dei to skulane ikkje får plass og må reise langt, eller flytte på hybel. Utvalet vil vurdere verknadene etter årets inntak og vil eventuelt foreslå justeringar for skuleåret 2022/23.

7. Hovudutvalet ber om at det vert vurdert særlege reglar for dei områda der ungdommane uansett må flytte på hybel for å gå på vidaregåande skule. Vurderinga skal vere gjort innan utgangen av 2021. og vert sett i samanheng med sak om reisetidsgaranti.